

Organisasjonsnummer: 939760946
Foretaksnavn: Volda kommune
Navn: Regine Aklestad
Kontonummer: 39910446111
Adresse: Stormyra 2
Postnr.: 6100 Volda
Telefon: 70058884
Mobiltelefon: 47665648
E-post: regine.solberg.aklestad@volda.kommune.no

Mottaker: Miljødirektoratet
Kopimottaker: Fylkesmannen i Møre og Romsdal

SØKNAD

REFERANSENR.: 18SEB490

Lån ein elsykkel - ordning for tilsette

Type tiltak: Klimavennlig transport - gjennomføring av tiltak

Beskriv tiltaket, med vekt på hvem, hva, hvor og hvordan:

Kommunestyret i Volda vedtok kommuneplanen sin samfunnsdel i 2016, og klima og miljø er eitt av åtte hovudtema i planen. Volda kommune ynskjer å vere ein aktiv pådrivar for at innbyggjarar, næringsdrivande og andre skal ta miljøvenlege val. Vegtrafikken står for 23 % av klimagassutsleppa i Møre og Romsdal, og trafikkmengda er aukande. I tillegg til vaksande utsleppsmengd av klimagassar førar også trafikkmengda til auka støv- og støyproblem, og trafikktryggleiken vert meir krevjande å ta i vare. Målretta arbeid for å auke sykkel-, gang og kollektivtrafikk er viktig for å møte desse utfordringane.

Rådhuset i Volda ligg sentralt plassert i Volda sentrum. Likevel vel mange av dei tilsette å køyre bil når dei skal ut på møter eller andre oppdrag. Administrasjonen vil tilby eit fossilfritt alternativ til kortare jobbreiser, og ynskjer å kjøpe inn elsyklar som kan lånast ut til dei tilsette. Fleire tilsette har etterspurt eit slikt alternativ. Sykkel er ofte eit like effektivt framkomstmiddel som bil, medan det å gå er meir tidkrevjande.

Rådhuset ligg nært fjorden, medan høgskulen, buområda og andre målpunkt ligg på andre høgder. Elsykkel vil difor også vere eit meir attraktivt alternativ enn ein «vanleg» tråsykkel.

KVEN:

Tilsette frå sektor for Utvikling og Teknisk har etterspurt elsyklar. Dei er ofte ute synfaringar i bustadområda eller på bygge- og anleggsområde i nærleiken. Mange tilsette på rådhuset har ofte møteverksemd på omsorgssenteret (600 m frå rådhuset), på skular og barnehagar i nærleiken, eller på høgskulen i Volda (1 km frå rådhuset). Med sykkel kjem ein seg direkte frå dør til dør, og ein treng ikkje leite etter parkeringsplass.

Elsyklane kan leggest inn i kommunen sitt «booking-system» i Outlook, slik at ein kan reservere syklane på ein enkel måte. Tilbodet vil på den måten vere tilgjengeleg for alle dei om lag 100 tilsette på rådhuset.

KVAR:

Vi ynskjer å etablere ein innandørs sykkelparkering rett ved hovudinngangen. Med denne plasseringa vil syklane vere godt synlege, og eit lettvinnt alternativ når ein skal ut på oppdrag. Området er ikkje tilrettelagt med straumforsyning, lademoglegheit eller sykkelstativ i dag, men dette er mogleg å få til.

KORLEIS:

Ein må legge ut informasjon om tilbodet på kommunen sin intranettside. Alle syklane må ha sykkelveske, lås, hjelm og piggdekk. Det må gjerast avtale med lokal sykkelbutikk for service og dekkskift. Syklane må profilerast med kommunen sitt kommunevåpen.

Hvordan vil tiltaket gi reduksjon i klimagassutslippene?

Elsyklane vil erstatte bilbruk til og frå møter, synfaringar og andre korte tenestereiser, men det er vanskeleg å seie kor stor reduksjonen vil verte.

Effekten vil truleg verte større med elsyklar enn med «vanlege» tråsyklar, da reisene som tidlegare nemndt ofte inkluderar lengre oppoverbakkar.

Hvilke virkninger, i tillegg til reduksjon i klimagassutslipp, vil tiltaket ha?

I tillegg til reduksjon av klimagassutslipp vil tiltaket føre til reduksjon av støy og støv frå lokal biltrafikk. Mindre biltrafikk i sentrum er også positivt for trafikktryggleiken i området.

Tiltaket vil også kunne føre til meir fysisk aktivitet i jobbkvardagen. Mange som arbeidar på rådhuset sitt mykje i ro på arbeidsplassen. Viss ein vel sykkel framfor bil, vil dette også kunne føre til ein positiv helsegevinst for dei tilsette.

Viss ein har tilgjengelege elsyklar på arbeidsplassen, kan det også føre til at fleire let bilen stå igjen heime, og reiser kollektivt, sykklar eller går til og frå jobb. Mange nyttar eigen bil til møter eller andre oppdrag, og er avhengige av å køyre bil til jobb.

At tilsette i kommunen nyttar elsykkel vil ha ein tydleg signaleffekt, og synleggjere at dette er noko kommunen meiner er viktig å satse på. Ein firmasykkel med logo tydeleggjer kommunen sitt samfunnsansvar og kan bidra til å skape ein meir miljøvenleg profilering av kommunen. Det kan også ha ein smitteeffekt til innbyggjarane elles.

Negative verknadar: syklane må vedlikehaldas og nokon må fylgje opp dette. Sektor for utvikling tek på seg denne oppgåva, og vil inngå ein avtale med ein lokal sykkelbutikk.

Det er et mål at tiltakene som får støtte skal ha spredningspotensial og overføringsverdi til andre fagområder eller kommuner, og være nyskapende ved å prøve ut nye løsninger. Hvordan kan tiltaket bidra til noe av dette?

I Nasjonal sykkelstrategi er det eit mål at sykkeltrafikken i Noreg skal utgjere minst 8 % av alle reiser. Det er ikkje gjennomført sykkeltellingar i Volda dei seinare åra, men det er grunn til å tro at Volda har langt igjen for å nå dette målet. Terrengforskjellar er ei utfordring og ei «unnskyldning» for mange. Samstundes ser ein at elsyklar vert eit meir og meir vanleg syn i sentrumsområdet. Vi ynskjer å framheve denne gode trenden. Ved å nytte elsyklar når ein skal ut og møte publikum kan dette bidra til ein smitteeffekt. Det vil synleggjere og understreke at sykkel er eit godt alternativ i tettstaden. At fleire får prøvd elsykkel på jobb kan bidra til auka bruk av elsykkel også privat.

Dersom tiltaket på rådhuset vert vellukka kan det hende at fleire av kommunen sine arbeidsplassar vil

prøve noko liknande, til dømes tilsette på omsorgssenteret, brannstasjon, skular og barnehagar. Vi er ikkje kjent med at høgskulen, sjukehuset, grannekommunar eller andre større arbeidsplassar i området har liknande tilbod. Profilering og informasjon om tilbodet kan føre til ringverknadar til fleire arbeidsplassar i området, nabokommunar og andre.

Tiltaket vil medføre endringer i aktivitet eller utslipp. I den grad det er mulig å tallfeste effekten av tiltaket bør det foretas registreringer eller tellinger før og etter tiltaket er gjennomført. Hvilke registreringer eller tellinger kan gjennomføres for å fange opp effekten av tiltaket?

- Før elsyklane takast i bruk kan ein registrere bruk av bil kontra sykkel til tenestereiser blant tilsette på rådhuset. Same undersøkelse kan gjennomførast til dømes to år etter at tiltaket er teke i bruk.
- Elsyklane skal utstyrast med sykkelcomputer. Disse vil lesast av regelmessig.
- Booking av sykklar i Outlook kan også nyttast til å sjå lånefrekvensen.

Hvordan er søknaden politisk forankret?

Søknaden er forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel, vedteken av kommunestyret i Volda mai 2016.

I kommuneplanen sin samfunnsdel er Klima og miljø eitt av åtte hovudtema i planen. Der har kommunen definert fylgjande mål: «Utslepp frå transportsektoren skal reduserast og fleire skal reise med miljøvennleg transport.» To av strategiane under dette målet er å «stimulere til at fleire går, sykklar og nyttar kollektivtransport til arbeid» og «legge til rette for auka bruk av EL-bilar og andre miljøvennelege transportmiddel».

Folkehelse er også eit av åtte hovudtema i kommuneplanen sin samfunnsdel. Der har kommunen vedteke fylgjande mål: «Kommunen som organisasjon skal vere eit førebilete i folkehelsearbeidet». Ein av strategiane under dette målet er «vidareutvikle helsefremjande tiltak for tilsette i kommunen i og utanfor arbeidstida».

Gjennomføring

Hvem skal eie og vedlikeholde tiltaket når tiltaket er gjennomført?

Sektor for utvikling vil ta ansvaret for innkjøp og oppfølging av tiltaket. Det må gjerast avtale med lokal sykkelbutikk for service og dekkskift.

Hva er forventede driftsoppgaver og årlige driftsutgifter?

Det må gjerast avtale med lokal sykkelbutikk for service og dekkskift. Ein kan forvente at årlege utgifter vert 1500,- årleg per sykkel.

Når planlegges arbeidet startet og avsluttet?

Ein vil gå i gang med innkjøpsprosessen så snart svaret på søknaden er motteken, seinast august 2018. Prosjektet vil avsluttast om lag eit år etter at syklane er teke i bruk, oktober 2019.

Gjennomføringsplanen kan lastes opp som vedlegg eller beskrives nedenfor:

Gjennomføringsplanen ligg vedlagt.

Beskriv hvorfor økonomisk støtte vil være utløsende for at tiltaket blir gjennomført:

Det er sett av nokre midlar i budsjett for 2018 som kan nyttast til dette prosjektet, men ikkje nok.

Prosjektet er avhengig av støtte dersom det skal gjennomførast slik det er omtalt her.

Kostnadsoverslag / Budsjett

Utgifter til gjennomføring av tiltaket	Beløp uten mva
Elsykel (25 000,- x 3)	75 000
Piggdekk (1000,- x 3)	3 000
Sykkelveske/kurv (3000,- x 3)	9 000
Lås (1000,- x 3)	3 000
Hjelm (500,- x 3)	1 500
Sykkelpumpe	500
Sykelstativ innandørs	5 000
Klargjøring ladestasjon rådhuset	10 000
Service og dekkskift (1500,- x 3 - årleg)	4 500
Administrasjonsutgifter (500,- x 72 t)	36 000
Total sum	147 500

Finansiering

Finansiering av tiltak	Beløp uten mva
Samlet kostnad ved tiltak(ene)	147 500
- Andre offentlige tilskudd	0
- Annen finansiering	0
- Egne midler	73 750
= Omsøkt tilskudd fra miljøforvaltningen	73 750

Kan tiltaket/deler av tiltaket gjennomføres med mindre tilskudd enn omsøkt? Ja

Vi kan til dømes kjøpe færre sykklar. Men vi ynskjer i hovudsak å starte med tre sykklar, da ein ofte drar ut på oppdrag saman. Syklane vert truleg meir nytta om fleire kan velje same transportmiddel.

Utdyping finansiering

Er noe av finansieringen annet enn kommunale midler eller klimasats-midler? Får eller har tiltaket mottatt eksterne midler av noe slag? Nei

Har tiltaket søkt/bedt om eksterne midler, men ikke fått svar enda? Nei

Har tiltaket søkt/bedt om andre offentlige midler, men ikke fått slik støtte? Nei

Vedlegg

 Gjennomføringsplan.pdf (Gjennomføringsplan)

Merknad:

Ingen merknad

[sign] **Regine Aklestad for Volda kommune**

Lvert 13.02.2018